



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 1. desember 2020

Sak

2020/0315 Lyngmo Ungdomssenter AS – org.nr. 893 461 892 – klage over vedtak om avslag på innmeldt smålotteri

Til stades: leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Lyngmo Ungdomssenter AS (klagar) melde 30. mars 2020 inn eit smålotteri med føremål å finansiere drift av leirarbeid for barn og ungdom.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om avslag på innmeldt smålotteri 2. april 2020, med den grunngivinga at klagar ikkje er ein lokal eller regional ideell og frivillig organisasjon. Tilsynet viser til at klagar sine arrangement av enkelte kurs/leifar og utelege av lokale, rom og camping må reknast som næringsdrift.

Klagar sende klage på vedtaket 7. april 2020. Klagar hevdar at senteret er ein frivillig og ideell organisasjon som hentar inn nødvendig tilskot i drifta ved å leige ut til andre tilsvarande organisasjoner, selskap og overnattingsgjester. Klager har formål om å drive eit rusfritt og kristent barne- og ungdomsarbeid, i hovudsak leirarbeid, og lotteriinntektene skal gå til det ideelle barne- og ungdomsarbeidet.

Klager har ikkje forteneste som føremål, og det blir ikkje utbetalt utbytte til organisasjonen sine aksjonærar. Klagar viser vidare til at store deler av salsinntektene og driftsdøgna i 2019 var knytte til ideell verksemnd. Drifta er basert på ein kombinasjon av fast tilsette og dugnad. Klagar presiserer at midlane som kjem inn via utelege til turistar og selskap, ikkje kan nyttast til anna enn å realisere føremålet med leirplassen. Det avgjerande ved vurderinga må ifølgje klager vere kva føremålet til senteret er og om eigarane har lov til å ta ut verdiar frå selskapet. Klagar viser til at dei har hatt både lotteri og smålotteri tidlegare, og at dei ikkje kan sjå at drifta har endra seg vesentleg. Det blir vidare hevdat det er mange organisasjoner som held smålotteri, og som har innslag av næringsverksemnd.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjøre om vedtaket sitt og sende klaga med innstilling 20. april 2020 til behandling hos Lotterinemnda.

Klagar sende inn supplerande merknader 11. mai 2020 og utdjupar her grunngivinga si for klaga.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Lotteritilsynet sende 19. mai 2020 inn merknadar for å svare på klagar sine kommentarar til innstillinga. Lotterinemnda viser til desse i sin heilskap.

Klagar kom 6. november 2020 med ytterlegare merknader og utdjupar her grunngivinga si for klagan. Lotterinemnda viser til merknadene i sin heilskap.

Det rettslege grunnlaget

Etter lov 24. februar 1995 om lotterier m.v. (lotterilova) § 6, jf. § 4, er det krav om godkjenning frå Lotteritilsynet for å halde lotteri, med unntak av lotteri som går fram av § 7. Etter lotterilova § 7 første ledd bokstav b kan ein utan løyve halde førehandstrekte og etterhandstrekte lotteri med ei avgrensa omsetning.

Nærmore reglar om unntak frå kravet om lotteriløyve er gitt i forskrift 21. desember 2000 nr. 1366 om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m. (forskrifta). Det følgjer av § 5-1 første ledd at organisasjonar som i si verksemeld varetek føremål som nemnt i lotterilova § 5 første ledd (humanitært eller samfunnsvyttig føremål), utan løyve kan halde førehandstrekte og etterhandstrekte lotteri med omsetning inntil 200 000 kroner. Ein må på førehand sende melding til Lotteritilsynet om slikt lotteri, jf. § 5-1 tredje ledd.

Forskrifta § 5-1 andre ledd fastset at unntaket frå kravet om lotteriløyve, jf. første ledd, også gjeld for lokale og regionale ideelle og frivillige organisasjonar der inntektene frå lotteriet ikkje skal nyttast til kommersielt basert verksemeld eller til å vareta offentlege oppgåver.

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Klaga frå Lyngmo Ungdomssenter AS gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak av 7. april 2020 om avslag på melding om smålotteri.

Føremålet med det innmelde smålotteriet er å finansiere drift av leirarbeid for barn og ungdom. Av heimesida til klagar går det fram at senteret tilbyr deltaking på diverse leirar, utleige av lokale til selskap, kurs, konferansar, leirar, weekendar og andre typar arrangement, og matservering. I tillegg tilbyr senteret utleige av hytter, bed & breakfast og camping som blir marknadsført på heimesida til klagar og på booking.com. Av årsmeldinga går det fram at klagar har 4,05 årsverk med fast tilsette, og ca. 1,1 årsverk med sommarvikarar.

Det går fram av årsrekneskapen at senteret i 2018 og 2019 hadde salsinntekter på rundt fire millionar kroner. I resultatrekneskapen er salsinntektene hovudsakleg registrerte under postane overnatting, camping, utleige av hytter og lokaler, og sal ved kjøkken og kiosk. Det kjem og fram at senteret i 2019 hadde 166 437 kroner som gjekk til booking.com og anna kommersiell marknadsføring, og at selskapet i

2018 og 2019 gjekk med eit overskot på høvesvis 329 279 kroner og 188 964 kroner.

Klagar opplyser at det har vore nødvendig å bruke noko av den ledige kapasiteten til utleige for andre tilsvarande organisasjonar, selskap og overnatting til andre gjestar for å dekkje dei totale utgiftene, og at inntektene frå utleigeverksemd finansierer aktiviteten ved Lyngmo Ungdomssenter.

Lotterinemnda sluttar seg til Lotteritilsynet si vurdering av at utleige til andre organisasjonar med ideelt verdigrunnlag ikkje kan reknast som klagar sine eigne arrangement.

Lotterinemnda finn etter dette at verksemda til klagar i stor utstrekning har eit kommersielt tilsnitt, og viser til samanlikning til Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2019-4. Også denne gjaldt ei foreining som til liks med klagar hadde «kommersielt basert virksomhet» utover det ideelle og frivillige. På bakgrunn av dette legg Lotterinemnda til grunn at inntekta frå lotteriet skal nyttast til verksemd med kommersielt tilsnitt i forskriftas forståing. Vilkåra i forskrifta § 5-1 andre ledd er ikkje oppfylte, og klagar kan ikkje halde smålotteri.

Klagar har vist til at senteret tidlegare har fått løyve til å halde smålotteri. Lotterinemnda viser til at tidlegare løyve ikkje gir garanti for at ein kan halde lotteri og smålotteri i framtida. Lotteritilsynet har i si innstilling og i e-post av 22. januar 2019 gjort greie for justering av praksis i tråd med regelverket, og Lotterinemnda sluttar seg til Lotteritilsynet si vurdering.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfestat Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk